

# Årsmelding for 2017

## Hjelmeland Samfunnshus SA

### Om selskapet:

Hjelmeland Samfunnshus SA er eit non-profitt-føretak som driv utleige av Hjelmeland Samfunnshus til opne og lukka arrangement i regi av eksterne aktørar, samt arrangerer eigne kulturarrangement. Alle inntekter går til vidare drift, vedlikehald og oppgradering av Hjelmeland Samfunnshus.

### Styret:

Hjelmeland Samfunnshus SA har ikkje tilsette. Alt arbeid blir gjort på dugnad av styret og andre frivillige, med unntak av noko innleigt arbeidskraft til administrasjon og rekneskapsføring.

Årsmøtet valde 6. juni 2017 følgjande styremedlemmer: Stig Almenningen (styreleiar), Morten Hetland (nestleiar), Judith Synnøve Svendsen (økonomiansvarleg), Marianne Hausken Olsen, Hilde Hauge, Henrik Smith (1. vara) og Martin Bischoff (2. vara). Stig Almenningen trekte seg som styreleiar 3. april 2018, og Morten Hetland og Judith Synnøve Svendsen fungerte som høvesvis leiar og nestleiar fram til ordinært årsmøte.

Styret har i perioden juni 2017 – juni 2018 hatt seks styremøte og behandla 43 saker. Styret har innført *Referat- og drøftingssaker* og *Orientering om økonomisituasjonen* som faste saker på kvart styremøte. Elles har styret hatt skriftlege saksavklaringar på Asana og/eller e-post undervegs i arbeidsåret. Leiar, nestleiar og økonomiansvarleg har utgjort ei arbeidsgruppe med utvida fullmakter, og har av praktiske årsaker tatt enkelte avgjerder på vegner av styret, og seinare orientert om desse avgjerdene i *Referat- og drøftingssaker*.

### Utvikling av resultat og stilling:

<b>Nøkkeltal</b> (i heile tusen)	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Driftsinntekter	419	405	411	481	441	575	424
Årsresultat	95	164	1	- 186	- 150	- 77	- 179
Totalkapital	1.460	1.285	1.194	1.235	1.465	1.838	1.827
Eigenkapital	1.332	1.238	261	234	420	570	647
Eigenkapitalandel	91 %	96 %	22 %	19 %	29 %	31 %	35 %

Driftsinntektene blei noko høgare i 2017 enn i 2016, men med auka driftskostnader har resultatet blitt noko redusert. Auken i kostnader skuldast i hovudsak at laget fekk ekstraordinære tilbakebetalingar frå Lyse AS i 2016, mens me har hatt ordinære utgifter til straum i 2017. Elles er forsikringspremien omtrent dobla, noko som skuldast at betalinga av premie for både 2017 og 2018 blei gjort i 2017, ved overgang til nytt forsikringsselskap.

Rekneskapen for 2017 blir gjort opp med eit positivt driftsresultat på kr 95.243, mot kr 163.767 i 2016. Styret merkar seg at rekneskapen hadde blitt gjort opp med underskot utan driftstilskotet frå Hjelmeland kommune på kr 100.000.

Avskrivningar i 2017 utgjer kr 95.747, mot kr 90.100 i 2016.

### **Driftsstøtte:**

Hjelmeland Samfunnshus SA fekk kommunal driftsstøtte frå Hjelmeland kommune på kr 100.000 i 2017. Driftsstøtta blei vedtatt av kommunestyret i samband med budsjettet for 2016. Det same beløpet blei utbetalt i 2017, utan at det ligg føre noko avtale mellom Hjelmeland kommune og Hjelmeland Samfunnshus SA. Styret ynskjer å gå i dialog med Hjelmeland kommune om å få på plass ein samarbeidsavtale.

### **Teaterlaget:**

Årsmøtet vedtok 6. juni 2017 å skilja teaterlaget ut av Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag SA. Hjelmeland Samfunnshus SA har sidan årsmøtet berre arbeidd med drift og vedlikehald av Hjelmeland Samfunnshus, og nye Hjelmeland Teater er nå eit samla amatørteaterlag for barn, ungdom og vaksne. I april 2018 godkjende styret i Hjelmeland Samfunnshus SA eit utkast til samarbeidsavtale med Hjelmeland Teater, der forholda mellom dei to laga er regulerte, for å sikra eit best mogleg samarbeid i tida framover.

### **Kino:**

Hausten 2017 blei det arbeidd med å få i stand drift av kino på Hjelmeland Samfunnshus. Bygdekinoen (v/Film & Kino) har inngått avtale om visning om to filmar kvar månad i heile 2018, og tilbodet er finansiert av Frivilligfondet til Hjelmeland kommune.

### **Opne arrangement i eigen regi:**

28. januar: Maleniusgalla, samarbeid med Rygaljom og Hjelmeland Storband  
11. mars: «Syng med oss!», samarbeid med det lokale bandet Stjernestøv  
18. mars: Loppemarknad  
6. juni: Årsmøte i Hjelmeland Samfunnshus og Teaterlag SA  
16. desember: Bygdajulebord

### **Større opne arrangement ved utleige:**

7. januar: «Dvaske Menn – rir igjen», show med Anders Smith, Magnar Riveland, Roger Sjursen og Morten Hetland  
10. januar: Folkemøte om eventuell kommunesamanslåing med Strand og Forsand  
19. januar: «Klimadrama», teaterframsyning med Hjelmeland Ungdomsteater  
1. april: «Damenes aften»  
28.-30. april: «Løvenes konge», teaterframsyning med Hjelmeland Ungdomsteater  
17. mai: Nasjonaldagsfeiring for Askvik krins  
29. september: «Det er ikke mer synd på deg enn andre», foredrag ved Ingvard Wilhelmsen  
10. desember: «No er det jul, igjen!», teaterframsyning med Hjelmeland Teater

Styret meiner at årsmeldinga og årsrekneskapen gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift, men understrekar viktigheita av å halda fram arbeidet med å kutta kostnader og auka inntektene ved å skapa og leggja til rette for stadig meir aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus.

Hjelmeland, 31.12.2017/07.06.2018

---

Morten Hetland  
*fungerande styreleiar*

---

Judith Synnøve Svendsen  
*fungerande nestleiar*

---

Hilde Hauge  
*styremedlem*

---

Marianne Hausken Olsen  
*styremedlem*

---

Henrik Smith  
*styremedlem*